Dale
BRØDRENE DALE AS



# DØRER OG VINDU TIL LANDBRUKET

## PRODUKT-INFORMASJON













www.dale-as.no

# **AJJ:** UTVENDIG FJØSDØR







**BRUKSOMRÅDE:**

AJJ døra er ei varmeisolert og tett utvendig dør. Døra er spesialtilpassa driftsbygningar og då frå husdyrrom og ut. Døra tåler vatn og vasking med høgtrykksspylar. Den tåler spark og hardhendt «handsaming» frå dyra. Døra eignar seg godt også til verksted, lager og liknande, der det er behov for ei solid dør.



AJJ døra kan også leverast med stalldørluke.



1. fl. m / vindu



1. fl. fiskebein panel m/ vindu



1. fl. fiskebein panel



1,5. fl. fiskebein panel m/vindu

# FORLUKE / LASTELUKE TIL FJØS



Bruksområde for denne luka er i enden av forgangen eller om ein treng ei godt isolert inns-peksjonsluke. Mål: Bredde 69, 79, 89 og 99

***NB: Bredde må vere lik, eller mindre enn høgd.***

# APJ: UTVENDIG FJØSDØR





Z. Dekor

## BRUKSOMRÅDE:

APJ døra er ei varmeisolert og tett utvendig dør. Døra vert nytta når kravet til estetikk og tunmiljø har hovudfokus. Døra vert nytta frå husdyrrom og ut. Døra tåler vatn og vasking med høgtrykksspylar. Den tåler spark og hardhendt «handsaming» frå dyra. Døra eignar seg godt også til verksted, lager og liknende, der det er behov for ei solid dør.



# APJ: STALLDØR





Stående panel m/ vindu

## OPPBYGGING:

| | |
|---|---|
| KARM | Material - Furu OS Dim: 55 x 115 mm |
| OVERFLATE | Impregnert |
| DØRSTAMME | Material - Gran Dim. 55 x 115 mm |
| DEKKPLATE | 9mm sinitex spora vannfast kryssfiner |
| TERSKEL | 1.fl og 1,5fl dører Merbau hardtre terskel<br>2.fl portar blir levert uten terskel |
| TETNINGSLIST | Silikon slangelist 12mm |
| VRIDAR | Justerbar tetningsvridar |
| HENGSLER | Varmgalv. bladhengsler med messing tapp |
| ISOLASJON | 55mm 60 kg/m$^3$ steinullmatte |
| BEHANDLING | Dørkarmen er vakuum-impregnert<br>Dørblada må etterbehandlast med måling |
| U-VERDI | 0,64 |
| FELTLÅSING | 2.fl dører har bolteskruer til låsing av felt som standard |

DØRBLAD 73mm tjukt

APJ døra vert også levert med stalldørluke. Luka er opphengsla med varmgalvaniserte bladhengsler og el-forsinka espagnolett som låsing. Luka vert levert med låsbar vrider. Pris er oppgitt som tillegg i prislista. Tillegg for stålbelagt fals nede for å unngå gnag. Luka kan leverast med glas. Dekortillegg og beistillegg s. 29 i prislista.

## **CJJ:** INNVENDIG FJØSDØR / MED el. UTEN VINDU



**BRUKSOMRÅDE:**

Fjøsdøra er spesialtilpassa driftsbygningar, til innvendige veggar frå gang, mjølkerom, dusj, kontor og garderobe. Døra tåler vatn og vasking med høgtrykksspylar. Dørbladet er produsert av 32x92mm gran, splitta, endesnudd og laminert saman. Rama er stifta saman, og har i tillegg to ståande innlegg 16x32 mm. Dørstamma er kledd med 6,5 mm filmbelagt kryssfiner. Karmen er 92x42 mm Impregnert furu med hartreterskel. Låskasse 2014 og varmgalv hengsler med messingtapp.

**NB! Dørvridar vert levert som tilleggsutstyr, samt luftespalte i treterskel til dusj/garderobe.**

## **DJJ:** INNVENDIG el. LETT UTVENDIG DØR M/TETTLIST

**BRUKSOMRÅDE:**

Bruksområde: DJJ døra er ei varmeisolert og tett utvendig dør. Døra vert nytta som personinngang til gang eller sluse.Døra eignar seg også godt til lager, redskapshus og liknande.I tillegg til dette eignar døra seg godt mellom fjøs og gang, frå robot til kontor / gang eller andre plasseringar, der det er behov for god tettning.

**Døra kan spylast med høgtrykksspylar og er lett å holde rein.**





# DPJ: UTVENDIG BI. el. REISKAPSROMDØR



**BRUKSOMRÅDE:**

DPJ døra er ei varmeisolert og tett utvendig dør. Døra vert nytta når kravet det estetikk og tunmiljø har hovudfokus. Døra vert nytta som personinngang til gang eller sluse. Døra eignar seg òg godt til lager, redskapshus og liknande.







DPJ med glass

# FJØSDØR: PVC MED STÅLKJERNE





▲ *Tilbygg av eksisterande fjøs med PVC-vindu.*

PVC dørene vert levert i blyfri PVC med stålkjerne. Dørene har solide justerbare hengsler både høgde og sideveis. Dørene er utstyrt med 3 punkts espagnolettlåsing for å oppnå god tetting, passer perfekt, også i verutsatte strøk. Reingjering med klut å såpevatn, og litt olje på hengsler og espagnolett er alt vedlikehald som trengst. Dørene vert levert som 1 fløya og 2 fløya dører i varierande størrelsar, med og utan glas. Denne døra eignar seg godt til personalinngang.

NB! Døra må ikkje brukast der storfe går ut og inn.





# RUJ/RMJ: STOR ISOLERT PORT

## BRUKSOMRÅDE:

Portane er utvikla med tanke på isolerte rom i landbruket, slik som rotvekstrom, lager o.l. Portane er også nytta i gavl intill tallefjøs, der den fungerer meir som ein isolert vegg enn port. Portane eignar seg også godt til reiskapshus, garasje o.l der det er behov for ein stor, isolert port. Fordelen med desse portane er at dei er reparerbare.

Portane vert produsert etter ordre i den størrelsen det er behov for. Tett port vert kalla RUJ. Vi produserer også denne porten med gangdør i porten RMJ. Det blir då innmomtert ei AJJ dør i porten.





▲ *RU-port med trepanel.*



**Stålterskel**



**Tettningsskåte**



▲ *Portane er så store at ein kan køyre med traktor gjennom døropningane.*

# **B30:** BRANNKLASSIFISERT DØR

**Døra før branneksponering:**



**Døra frå branneksponert side:**



## BRUKSOMRÅDE:

Branndøra er produsert med tanke på ei brannsikker dør mellom husdyrrom og forsentral. Døra blir også brukt intill teknisk rom, og vi tilrår døra også mellom husdyrrom og andre rom i fjøset, der det er behov for brannklassifisert dør. Som nemnt over, er døra lufttett. Den er i tillegg konstruert med tanke på hardhendt handsaming frå dyra. Døra tåler vasking med høgtrykksspylar. Vi anbefaler døra også til andre bygningar der det er behov for ei branndør, og der miljøet er ekstremt med hensyn til korrosjon og varmeisolasjon.

## INTERDENS:

Døra har brannklasse B 30. Den har innlagt interdens på 2x5mm i sidekant rundt heile dørbladet. Dette veks til ei skumlignande masse, når temperaturen aukar, slik at klaring mellom dørblad og karm vert heilt tett.

NB: Alle brannklassifiserte dører har stålterskel som standard. 1,5 og 2 fløya portar har espagnolett som feltlåsing som standard.






**Espagnolett**



**Stålterskel**

# Fjøsvindu - Ventilasjon













# FJØSVINDU I TRE: VENTILASJONSVINDU / FAST KARM

## FORDELAR:

- To-trinns tetning mellom rame og karm.
- Silikon slangelist som tettning.
- Rustfrie lukkebeslag med 3 luftstillingar.
- Stormsikker låsing av vinduet (beslaget).
- Valgfri isolasjonsevne (isolerglas i fleire variantar).
- Valgfri montering, utvendig eller innvendig.
- Tilpassa alle typer vegg med beslag, fóringar og skråbrett.



## BRUKSOMRÅDE:

Fjøsvindua er spesialtilpassa driftsbygningar, men eignar seg også godt til redskapshus, verkstadbygg, lager og liknande.

Fjøsvinduet er utvikla ved fabrikken i samarbeid med bygningsteknisk institutt på Ås. Vindua har vore produsert ved fabrikken sidan 1967 med kontinuerlege forbetringar.



Utvendig montering.



Innvendig montering.



## SPROSSER TIL FJØS - blir levert i tre og PVC














Vårt produktspekter omfattar i dag
også vindu og dører til bustad og fritidsmarknaden.
Det er i hovedsak målsaum tilpassa rehabiliteringsmarknaden.
Les meir på www.dale-as.no

## Vindu etter målsaum - Bustad / Fritidsmarknad



# FJØSVINDU: PVC MED STÅLKJERNE





## BRUKSOMRÅDE:

Fjøsvindua er tilpassa driftsbygningar, med spesialbeslag i rustfritt stål for opning og stenging. Vinduet egnar seg godt også for slakteri, meieri og andre bygg, der kravet til hygiene er ekstremt.

## FORDELAR:

- Ekstremt god stabilitet på grunn av stålkjerne.
- Motstandsdyktig mot forvitring.
- Dobbel tettning mellom rame og karm.
- Vinduet er tilnærma vedlikehaldsfritt. Litt smørjing av beslag.
- Brannmotstand: vanskeleg å antenne og sjølvslukkande.
- Valgfri isolasjonsevne. (isolerglas i fleire variantar).
- Opningsbeslag av rustfritt stål med 3 luftstillingar og stormsikring.
- Leverast i alle storleikar.







Tre-veis svingvindu vert brukt til kontor og opphaldsrom.



# **FJØSVINDU:** PVC MED STÅLKJERNE



Bileta syner ventilasjonsvindu montert i betongelement








Innvendig montering.




Utvendig montering.





Innstøypt i betong.



# Impregnering/Råtebeskyttelse



Impregnering vert gjort etter at delane er ferdig bearbeidde (profilerte og tappa/klaua). Dette gjer at falsar og tappar vert beskytta mot inntrenging av vatn før montering.

Tre må beskyttast mot inntrenging av vatn.

Den mekaniske styrken til tre er svært god i forhold til vekta.

Tre har dårleg vern mot råtesoppar.

Dette kan unngåast med overflatebehandling med vatn-avvisande midlar eller med ein konstruksjon som gjer at treverket turkar raskt.

Furu kjerneved innheld ein del stoff frå naturen si side, som gjer den motstandsdyktig mot råtsopp.

Furu ytterved kan behandlast med kjemikaliar som hindrar råte. I ytterved kan ein ved hjelp av vakuum-prosess få denne væska ca. 10 mm inn i veden.





Alle vindu og dører i tre frå Brødrene Dale AS er vakuumimpregnerte mot sopp og råte også dei produkta som vert beisa eller måla. Dette vert gjort for å sikre maksimal kvalitet og levetid.

Alle vindu og dører frå Brødrene Dale AS er produsert i furu, og samtlege er vakuumimpregnerte etter denne metoden – med oljebaserte produkt. Vi er tilslutta Norsk Impregneringskontroll, og impregnerer til krava til NS. (Sjå under).

*Brødrene Dale AS har sertifiseringslisens (855 NIK. NR 27 NS-EN 351, del 1 og 2 med NTR-dokumenter) for Heltre behandlet med trebeskyttelsesmiddel.*

**Etterbehandling av vindu og dører**
Brødrene Dale AS sine produkt har fått den grunnleggande impregneringa. Men det er likevel viktig at vindu og dører vert etterbehandla med beis eller måling så snart dei er montert.

*« … å kjøpe vindu og dører*
*utan vakuumimpregnering er som å kjøpe*
*bil utan understellsbehandling … »*



Vent.vindu i PVC. Bunnhengsla inn



PVC vindu med sprosse. Drei Kip



Vent.vindu i tre. Bunnhengsla inn



APJ fjøsdør m/ fiskebein-dekor og sylinderlås



APJ 2-fløya fjøsdør m/fiskebein-dekor og sylinderlås



DPJ fjøsdør m/glas og sprosse



AJJ fjøsdør



Trepanelt betongelement m/PVC vindu og spross



AJJ fjøsdør m/ panel













Brødrene Dale AS ligg i Volda kommune på Sunnmøre. Fabrikken ligg i Dalsbygd ca. ein halv time frå Volda sentrum. Kommunikasjonen og transportsystemet er godt utbygd. Brødrene Dale AS har 14 tilsette. Bedrifta har heilt sidan 60-talet spesialisert seg på vindu og dører til landbruket, og er i dag heilt i toppen når det gjeld desse produkta. Bedrifta har moderne maskiner og dyktige fagfolk, og lagerfører dei fleste standardprodukt. Bedrifta har eige impregneringsanlegg for grunnbehandling og eit moderne lakk/beisanlegg for overflatebehandling av produkta.




Dalsfjordvegen 2793, 6120 Folkestad

Tlf. 70 07 44 80

Fax 70 07 44 90

www.dale-as.no

E-post: firmapost@dale-as.no


FORHANDLAR: